

FAU Førde Barneskule i Sunnfjord
kommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep 0032
Oslo

Førde 30. 06. 20

Høyringsuttale frå FAU – NOU 2019:23 Ny opplæringslov: Ønsker vidareføring av lovfesta råd og utval i skulen.

Førde Barneskule ligg i Sunnfjord kommune, og har 280 elevar frå 1. til 7. klasse. Det er ein skule med positivt skulemiljø og gode læringsresultat. Vi har velfungerande elevråd og foreldrearbeidsutval, som kvar for seg representerer ulike perspektiv på skulen og har gode rammer for medverknad i skulen sine skulemiljøutval og samarbeidsutval.

Dette er vårt høyringssvar: Lovheimelen for FAU i opplæringslova er godt forankra i Menneskerettane sin artikkel 26, punkt 3, der foreldra har fortrinnsrett til å bestemme kva undervising borna deira skal ha. Undervisinga skjer på landets 2800 skular. Foreldrerådet og FAU på desse skulane er foreldra si mogelegheit å til å hevde denne retten gjennom medvirking og påvirking.

FAU skal sikre godt samarbeid heim skule, men ikkje berre for eigne barn. I grunnskulelova av 13. juni 1969 nr 24, handlar dette om heile skulen og oppvekstmiljøet som skulen er ein del av. Organiserte foreldre er ein betydeleg ressurs for heile skulen og dermed alle barna sitt oppvekstmiljø og lokalsamfunnet. Foreldrerådet og FAU er difor ein av byggesteinane i det norske sivilsamfunnet og demokratiske deltakinga for å skape gode liv og lokalsamfunn.

Viss foreldra ikkje lengar skal ha rett til å organisere seg og bli høyrte av skuleleiing, i samarbeidsutval og skulemiljøutval, fjernar ein viktige hevdvunne demokratiske rettar.

Ved Førde barneskule har foreldrerådet og FAU opp gjennom åra bidratt på mange felt og mange nivå. Tusenvis av dugnadstimar knytt til utemiljø, arbeid med trygg skuleveg og godt skulemiljø, eit utal engasjement for elevane si velferd og læring. Mange viktige prosjekt og kampar er ført i land, forankra i foreldra si organisering, i samarbeid med skuleleiing og lokalpolitikarar.

FAU ved Førde barneskule støttar difor ikkje forslaget i NOU 2019:23, kapittel 19, s.221 at bestemmelsane om organer for brukarmedvirking i skulen ikkje vidareførast.

FAU ved Førde Barneskule meiner at ei ny opplæringslov skal bidra til:

- Å vidareføre bestemmelsane om organ for brukarmedverknad i skulen. Det gjeld FAU, SU, SMU, elevråd og FUG.
- Å sikre foreldre sitt ansvar for å fremme fellesinteressene til foreldre og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.
- Tydeleggjere skuleeigar sine lovpålagte plikter om å sikre samarbeidet med FAU, SU, SMU og elevråd.

Beste helsing

FAU ved Førde Barneskule ved leiar Øyvind J.
Korsøen